

Utval: KIKS - Styret
Møtestad: Sølvgarden hotell, Rysstad
Dato: 26.10.2018
Tid: 10:00

Forfall meldast til utvalssekretær Anne Liv Lidtveit som syter for innkalling av varamenn.
Varamenn møter berre ved spesiell innkalling.

Innkalling er sendt til:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---------------------|----------|---------------|
| Mari Mykland | NESTL | |
| Jon Rolf Næss | MEDL | |
| Terje Damman | LEDER | |
| Svein Arne Jerstad | MEDL | |
| Torunn Ostad | MEDL | |
| Margrethe Handeland | MEDL | |
| Jon-Olav Strand | MEDL | |

Etter styremøtet skal styret ha sin årlege samtale med dagleg leiar. Vi tek sikte på å begynne samtalen etter lunsj.

Terje Damman
styreleiar

Glenn Qvam Håkonsesn
dagleg leiar

| Saksnummer | Innhold |
|-------------------|---|
| PS 30/18 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| PS 31/18 | Godkjenning av møteprotokoll |
| PS 32/18 | Referatsaker |
| RS 7/18 | Sira-Kvina kraftgrunnlag |
| PS 33/18 | Orienteringar |
| PS 34/18 | Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning |
| PS 35/18 | Drøftingssaker |
| DR 5/18 | Justering av risikostategi |
| PS 36/18 | 2. tertial 2018 |
| PS 37/18 | Eventuelt |

PS 30/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 31/18 Godkjenning av møteprotokoll

PS 32/18 Referatsaker

RS 7/18 Sira-Kvina kraftgrunnlag

PS 33/18 Orienteringar

PS 34/18 Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning

PS 35/18 Drøftingssaker

Til:Styret i Konsesjonskraft IKS

Vår ref:
2016/20-12Sakshandsamar:
Sveinung Skjevrak,
sveinung.skjevrak@konsesjonskraft.noArkivkode:
S04Dato:
22.10.2018

Justering av risikostrategi

Bakgrunn

Dagens risikostrategi vart vedteken for to år sidan, og har fungert bra. Erfaringar som er gjort gjennom desse to åra, saman med analyser av strategien, gjer likevel at styret blir beden om å vurdere ei justering av risikostrategien.

Drøfting

- Etter dagens risikostrategi startar sikringa 3 år og 1 kvartal før det aktuelle året som skal sikrast. Dette har vist seg å kunne vere vanskeleg, då det er lite omsetning så langt fram i tid, og vi kan ende opp med å få dårlegare betalt for å få gjennom ein handel. Forvaltaren vår LOS kan også fortelje at mange av dei større kjøparane startar sikringa 3 år før levering, og det foreslås derfor å starte sikring 1.januar, med sikringsperiode på 3 år. Dette vil gi lågare sikringskostnader på grunn av mindre rebalansering.
- Ved jamn sikring vil sikringsgraden vere 95 % den 1. oktober for komande leveringsår. Fleire bacheloroppgåver har vist at det ville gitt jamnare resultat over tid med ein sikringsgrad frå 65% til 82%. Oppnådd kraftpris er nokså lik, men gevinst/tap på sikringshandlar gjev ikkje så store utslag. Administrasjonen vurderer at det å redusere sikringsgraden er interessant og ser ein reduksjon frå 95% til 85% som passande, etter diskusjon i styret. Ein reduksjon i sikringsgraden vil også gi lågare sikringskostnader.
- I dagens risikostrategi heiter det at dagleg leiar kan avvike frå jamn sikring heile sikringsperioden sett under eitt med inntil 150 GWh, og dersom den venta prisutviklinga skil seg frå marknadsprisen med minst 4 €/MWh, kan dagleg leiar sjå vekk frå normalstrategien med inntil 450 GWh ekstra for heile sikringsperioden. Dei to ulike rammene for avvikshandel, der ein del på 150 GWh er fri og den andre baserar seg på at den venta prisutviklinga må vere på minst 4 €/MWh, er tidkrevjande å kontrollere. Dette har vore diskutert med controller, og vi er samd i at dette punktet bør endrast til ei samla ramme som administrasjonen kan avvike frå jamn sikring med. Denne ramma er då ikkje styrt av ein definert prisskilnad, men av dei totale vurderingane til administrasjonen. Basert på handlingsrommet vi har sett har vore nødvendig dei siste åra så foreslår administrasjonen at denne ramma vidareførast på 600 GWh.

- Dersom noteringa på Nasdaq OMX for vedkomande produkt gjev ei sannsynleg brutto inntekt på 35 øre/kWh eller meir, kan dagleg leiar lukke opne posisjonar heilt eller delvis. Det å ha eit øvre nivå, utan å ha eit nedre nivå, verkar skeivt. Det bør leggst inn eit nedre nivå slik at det kan avvike frå strategien om prisane er under dette nivået. Administrasjonen ønskjer ein diskusjon i styret på kor desse nivåa skal vere.

Oppsummering

Administrasjonen meiner dei nemnde kommentarane gjev grunnlag for ei justering av sikringsstrategien for å gjere den endå betre enn den er i dag.

Ved å redusere sikringsgrad og sikringsperiode så vil det gi større usikkerhet for neste års utbetalingsprognose, men dette kan kompensere gjennom bruk av reservekapitalen.

Administrasjonen vil foreslå at hovudpunkta i sikringsstrategien er desse:

- Sikringa startar 3 år før det aktuelle året som skal sikrast.
- Ved jamn sikring vil sikringsgraden vere 85 % inngangen av leveringsåret. Dagleg leiar kan avvike frå jamn sikring heile sikringsperioden sett under eitt med inntil 600 GWh.
- Ei øvre og ei nedre grense på kraftprisen, definert av styret, kor administrasjonen kan avvike frå sikringsstrategien.
- For å sikre deltakarane jamne utbetalingar, sjølv ved lågare sikringsgrad enn i dag, så skal reservekapitalen nyttast aktivt.

Med helsing

Sveinung Skjevrak

Rådgjevar med ansvar for krafthandel

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

| <i>Saksnummer</i> | <i>Utvål</i> | <i>Møtedato</i> |
|-------------------|---------------|-----------------|
| 36/18 | KIKS - Styret | 26.10.2018 |
| | | |

2. tertial 2018

Dagleg leiar tilrår:

2. tertial blir tatt til orientering.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

2. tertial blir lagt fram for styret og representantskapet.

2. Saksopplysningar

Då representantskapsmøtet i vår kom så tidleg at 1. tertial ikkje var ferdig behandla, blir dette behandla samla med 2. tertial nå.

3. Vurdering

Dagleg leiar har fylgjande kommentarar til 2. tertial:

Konsesjonskraftinntektene er kr 13,8 millionar høgare enn budsjett grunna høge spotprisar, låg områdekostnad og god brukstid.

Kjøpskostnaden på konsesjonskraft er lågare enn budsjett. Dette er grunna lågare fastledd til Statnett enn opphavleg budsjett. Nettap ligg i 2018 høgare enn budsjett.

Løn, eksterne honorar og annan driftskostnad er i sum litt høgare enn budsjett. Dei fleste postane her er lågare enn budsjett, men grunna flytting av kraftposisjonane fordi Danske Bank legg ned tenesten KIKS nytta på krafthandel, blir det ei auke. Kostnaden på dette er berekna til kr 1,6 mill, men det er berekna at KIKS vil spare om lag kr 2,5 mill på finanskostnadar frametter.

Resultat av finansposter er betre enn budsjett. Høgare kraftinntekter gir høgare likviditet og betre renteinntekter. Finanskostnadene blir redusert grunna flytt av kraftkontraktar til LOS som tek bort behovet for kassakreditt.

Overførte konsesjonskraftinntekter er om lag kr 5 mill høgare enn budsjett, dette vart vedteken av representantskapet i juni 2018.

Resultatet etter overførte konsesjonskraftinntekter er om lag kr 11 mill høgare enn budsjett. Dette talet har KIKS teke med i prognosane for reservekapital og utbetalingar i 2019-2022.

Valle, den 20.10.2018

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

1 2018 2 tertial

Konsesjonskraft IKS

Resultatregnskap for perioden 01.01.2018 - 31.8.2018

| Driftsinntekter og driftskostnader | Regnskap pr 31.08.2018 | Budsjett pr 31.08.2018 | Regnskap pr 31.08.2017 |
|--|-----------------------------------|-----------------------------------|-----------------------------------|
| Konsesjonskraftinntekter | 136 911 519 | 123 051 798 | 140 574 716 |
| Annen driftsrelatert inntekt | 70 | - | - |
| Sum driftsinntekter | 136 911 589 | 123 051 798 | 140 574 716 |
| Kjøp av konsesjonskraft | 65 382 776 | 66 623 414 | 64 811 717 |
| Lønn inkl. sosiale utgifter | 1 920 009 | 2 514 016 | 2 106 817 |
| Avskrivninger | 30 392 | 20 000 | 10 869 |
| Eksterne honorarer | 2 358 750 | 1 662 000 | 1 379 866 |
| Annen driftskostnad | 621 966 | 740 000 | 691 461 |
| Sum driftskostnader | 70 313 894 | 71 559 430 | 69 000 730 |
| Driftsresultat | 66 597 695 | 51 492 368 | 71 573 986 |
| Finansinntekter og -kostnader | | | |
| Finansinntekter | 2 333 976 | 1 733 333 | 4 542 459 |
| Finanskostnader | 1 005 108 | 1 200 000 | 816 596 |
| Resultat av finansposter | 1 328 868 | 533 333 | 3 725 863 |
| Resultat før overførte konsesjonskraftinntekt | 67 926 562 | 52 025 701 | 75 299 849 |
| Overførte konsesjonskraftinntekter | 51 927 000 | 46 966 500 | 46 681 015 |
| Resultat | 15 999 562 | 5 059 201 | 25 258 250 |
| Overføringer | | | |
| Overføringer til driftsfond og reservekapital | - | - | 25 258 250 |
| Sum overføringer | - | - | 25 258 250 |

Konsesjonskraft IKS

Balanse pr. 31.8.2018

| EIENDELER | 2018 | 2017 |
|------------------------------------|--------------------|--------------------|
| Anleggsmidler | | |
| Varige driftsmidler | | |
| Driftsløsøre og inventar | 414 815 | 61 707 |
| Sum varige driftsmidler | 414 815 | 61 707 |
| Sum anleggsmidler | 414 815 | 61 707 |
| OMLØPSMIDLER | | |
| Kortsiktige fordringer | 228 933 | 713 137 |
| Finansplassering | 138 845 119 | 117 765 234 |
| Bankinnskudd og kontanter | 53 394 917 | 63 966 583 |
| SUM OMLØPSMIDLER | 192 468 969 | 182 444 954 |
| SUM EIENDELER | 192 883 784 | 182 506 661 |
| RESERVEKAPITAL OG GJELD | | |
| RESERVEKAPITAL | | |
| Driftsfond og reservekapital | 147 671 081 | 147 671 081 |
| Udisponert resultat | 15 999 563 | 0 |
| SUM RESERVEKAPITAL | 163 670 644 | 147 671 081 |
| GJELD | | |
| KORTSIKTIG GJELD | | |
| Leverandørgjeld | 8 154 199 | 13 322 686 |
| Skyldige offentlige avgifter | 8 508 442 | 8 795 992 |
| Annen kortsiktig gjeld | 12 550 500 | 12 716 903 |
| SUM KORTSIKTIG GJELD | 29 213 141 | |
| SUM GJELD | 29 213 141 | 34 835 581 |
| SUM RESERVEKAPITAL OG GJELD | 192 883 784 | 182 506 661 |

PS 37/18 Eventuelt